

## Klage på vedtak om oppheving av gratis skuleskyss.

Gjeld Arne Bjelde Hustveit – adresse Tjødnali 34, 6856 Sogndal – elev ved yrkesfaglinje, 2. året, Sogndal vidaregåande skule.

Arne/me mottok vedtaket måndag 121015, så klagefristen er halden.

Tidlegare vedtak der gratis skuleskyss mellom heimen - Sogndal vidaregåande skule er oppheva. Grunngevinga dykkar er at fylkeskommunen har kontrollmålt og funne ut at avstanden heim skule ikkje er lang nok/under 6 kilometer – og at Arne difor ikkje har rett på gratis skuleskyss. Det går fram at det er den vegen fylkeskommunen meiner det vil vere naturleg å gå som er målt.

I vedtaket står det vidare at opplæringslova §7-2 handlar om skyss for elevar i den vidaregåande skulen. Denne paragrafen seier ikkje noko om at elevar med særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett på gratis skyss utan omsyn til veglengda. Vidare at alderen på elevane i vidaregåande skule tilseier at dei skal greie å ferdast i trafikken sjølv om tilhøva ikkje er optimale.

Tidlegare vedtak med innvilga rett til gratis skuleskyss er oppheva og rett til gratis skuleskyss tatt vekk. Me er ikkje varsla om at omgjerung og oppheving vart vurdert – og fekk såleis ikkje høve til å uttale oss i forkant. Det går heller ikkje fram om vedtaket er eit offentleg/ikkje offentleg dokument eller kvar ei klage skal sendast.

- Me har og målt den strekninga det vil vere naturleg at Arne går – og finn at den akkurat er lang nok. Me har då lagt til grunn at han skal kunne gå etter veg med fortau og belysning, etter veg der det er brøyta og strødd om vinteren . Lys, brøyting og strøing er ekstra viktig når gådistansen og tidsbruken faktisk blir så lang som den her blir – det tek over ein time å gå frå vårt hus til vidaregåande skule i fint vær, med bar veg. Vår erfaring er at verken fortau ned langs bakkane inne på byggefeltet eller gang og sykkelvegen mellom Kjørnes –Sogndal er brøyt om morgonane på den tida Arne no må gå der. Då må ein ut og gå i riksvegen ned kjørnessvingane/Hagalandet. Me reknar med at fylkeskommunen i tilfelle samhandlar med Sogndal kommune og tek ansvar for sine elevar ved at fortau og gangvegen er opplyst, brøyt og strødd i tide?
- På den aktuelle strekninga er Loftesnesbrua – ei allment kjent farleg og vanskeleg strekkje for gåande og syklande. Særleg om vinteren – som me no går inn i – er denne strekka farleg. Der er ikkje brøyta felt for gåande i det heile om vinteren – fotgjengarar må gå i vegbana. Trafikken er stor på dei aktuelle tidspunkta – også tung –og busstrafikken.

Syns fylkeskommunen det er ynskjeleg og forsvarleg at barn og ungdommar går den brua i mørke i sju-halvåtte tida om morgonen – midt i rushtrafikken – med retur midt i rushtrafikken om ettermiddagen? Er det ikkje eit poeng å halde talet på mjuke fotgjengarar der i dei aktuelle tidspunkta så lågt som mogleg den korte tida denne brua og strekka framleis er så farleg som den er? Det skal og startast opp arbeid på brua og i området – noko som vil gjere trafikk situasjonen enno vanskelegare og meir uoversiktleg. Fylkeskommunen burde uansett kunne innvilge gratis skuleskyss til denne farlege strekka er vekke.

Det er langt frå at tilhøva på denne skulevegen kan vurderast som optimale for gåande/syklende. Situasjonen vil betra seg når ny Loftesnesbru står klar – under føresetnad av at fortau, gang og sykkelvegen er brøyt og strødd i tide om morgonen og elles. Noko som dessverre ikkje har vore og er tilfelle no.

- Arne og me har planlagt og rigga kvardagen, rutinar og vårt transportbehov dette skuleåret ut ifrå at han hadde gratis skuleskyss. Denne endringa fører til logistikk og organiseringsproblem for familien. Arne må no gå frå heimen halv sju om morgonen kvar dag. Han er så vidt me veit åleine i det nærmaste nabolaget som startar så tidleg på skulen. Arne kan heller ikkje rekne med foreldreskyss då me har jobbar som fører til mykje reising og arbeidstid som ikkje fell saman med Arne sitt transportbehov.

Ut i frå det me har gjort greie for ovanfor ber me om at Arne framleis får gratis skuleskyss – eventuelt at han får det denne vinteren/dette skuleåret.

Me avventar dykkar behandling av vår klage. Vedtak skal sendast oss som Arne sine føresette, jamfør at han ikkje er myndig.

Sidan det ikkje er gitt informasjon om kvar ein klage skal sendast sender eg den til [postmottak.sentraladm@sfj.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no).

Vennleg helsing  
Olaug Marie Bjelde  
Tjødnali 34, 6856 Sogndal